Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 60 | Fylke: S. Tr.

Tilleggsspørsmålnr. 6. | Herad: Hemne

Emne: Folkelege musikkinstrument. | Bygdelag: Lidraaen

Oppskr. av: Arne Sødal | Gard: Koldrø

(adresse): Kyrksæterøra | G.nr. 111 Br.nr. 7-8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nei det har eg aldri høyrt gjete her.

2. Det var vanleg å laga seg halmpipe når ein stod i åkeren. På eit kraftig halmstrå, med botten i eine enden, skar ein inn og ned så det vart ei lyen leppe. Når ein så bles inn i strået, ~~tok~~ denne til og skjelva og gav eit rett sterk lyd. Vi trudde som born at vi kunne blåsa fram regn med halmpipa.

Først eg minnest var det vanleg at ein i gjætlesdagen laga lurar av never, men eg kan ikkje gjera greie for korleis dei var laga.

3. Det einaste eg har sett av slikt er nøstpinna med eit slag rangle i handtaket. Ein arbeidde dei helst slik at ein skar til ranglet, nokre små trekuler, inni skaftet. Dei hadde ymse slags og kunna vera meir og mindre forseggjorde, alt etter handlaget til mestaren. Men somme kunne vera reint fine,

7125

med både krot og krus på.
Fau <u>regjastava</u> det laga vi oss
ofte i gjætlestøgen. Vi fann oss da
eit sers pent og beint emne – av bjørk.
selje eller krungel, og skar så ringar
i skrugang nedetter, og gjerne eit par
tverringar oppmed handtaket. Og
flekte så av borken innom desse
ringane. Så la vi ei lugge stor
aldebork i rinnen og lagg sålenge
at ein fekk ein rett kraftig laug.
Denne sette ein så inn desse
ringane med fleire gonger, og
når dette var turka godt inn,
flekte ein av den andre borken.
Og med det fekk ein da ein rett
fin stav, for denne bardinga ho
heldt seg lenge.
Men nokon låte vart det sjølsagt ikkje av
dette.

4. Laga smell med å slå flathanda mot
eit stort blad, helst aldeblad, som
ein legg over eit op ein får med å
kröka ~~tommeltotten mot~~ peikefingeren
mot tommetotten, det er velkjent her
og mykje brukt. Ein vetter gjerne litt
under bladet så det skal falla
betare nedtil. Likeins er det vanleg
å smella med tome posar. Men blom.
storsumblad har eg ikkje sett nokon
her bruka. <u>Kåtsmelle</u> er velkjend.
Det har vore vanleg moro, serleg
når ein brende <u>Santhanselde</u>.
Og det kunne smella reint bra.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

Ein greidde seg da gjerne med
ein lagleg flat stein, som ein
la sloa på – og så deisa til
med ökshamaren. Nötter er her
berre lite av, og eg har ikkje höyrt
om at dei har vore nytta. Men svepa
kan no sanne bra freista seg med.
Det er no vorte mindre av slikt
i seinare tid. St. Hansbrenning er det
mine slutt med, og svepa er og
komme bort, med di det aldri blir
brukt hestar til skyssing etter
vegane.
Skyting ved bryllup var nokså
mykje brukt för, både steinskot
og rifleskot, og det kan enno
råkas til, helst ein stad attmed
vegen, når dei kom att frå kyrkja.
Var det steinskot, måtte da alt vera
ordna til föreåt, så det var berre
å smella laust. Men slik stas var
ikkje ufårleg den tid ein köyrde
med hestar – da det kunne setja
störr i gampane, så dei tok laust.
Men noko slag tru eller overtru i
samband med dette har eg aldri
höyrt om. Det var no for moro gjort,
og til ære for brurfolka.

5. Nei. Det einaste eg har höyrt
om er kråkskrelly, eit apparat
til å laga fæl låte – for å jaga
bort ugagnsfuglen.

Hemne i mai 1952

Anne Södal

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 7125